

HALLDOR O. OPEDAL

Gamle handverk i Hardanger

*Smedar,
Snikkarar, Skomakarar, Skreddarar.
Folkeminne*

1982

HARDANGER FOLKEMINNELAG

Snikkaren øksa

Det lagdest til med mykje øksing for den gamle snikkaren. Der låg stökkane i store haugar og bia på øksakjeften, runde som Vårherre hadde skapt dei. Det var fure på jamnen. Før hadde dei vore store tre i skogen. No var dei kvista og berkte, halvturre, og skulle koma i hus. Sume eller alle hadde stade avberkte på roti eit bel. Dei var kvøgjengde og seige å arbeida med. Karane skoda på dei og tenkte vel med seg at her kom til å verta eit arbeid! Her fekk armar og rygg stå til teneste det vesle dei vann og kanskje litt til, om det skulle verta hus.

Det fyrste vart då å hogga eller saga trei i høveleg store lengder. Noko skulle verta til åsar, golvåsar, noko til vegger, noko til upplengjor, noko til sperr eller råmor. osb. Alt rundvyrke skulle verta firkanta, men ikkje alt like tjukt eller like langt.

Det våtta mykje å ha kvasse øksar. Snikkaren måtte ha minst to bilor, ei stor og ei noko mindre. Storbila kunne vega upp til seksten merker, men då rekna dei henne for å vera retteleg stor. Det ålgjengde var fjorten. Det var ikkje spøk å ta bila att, om ein hogg for sterkt til. Det råka at bila skeina bort i ein legg eller ein fot, og det kunne verta store sår. Ola Kjosås laga skaftet åt bila si sjølv, og det gjorde dei flesta. Han stelte det til so det vart noko skeivt, og so sette han upp bukkar til å leggja stokken på. Då fekk han stå rak, og då røynde øksingi mindre på ryggen. Skaftet laut liggja godt i nevene og ikkje riva upp hudi. Skaftet kunne vera av ask, sidan hikori.

Dette med bukkar lærde han Ola tå ein kamerat, og kameraten hadde lærdomen frå Voss. Men på armane røynde det som elles. Ein laut hogga med fullt hogg, om det skulle muna noko.

Til å jamna med bruka han Ola skarøks, og det gjorde nok dei fleste her, truleg alle. Bladet stod på tvert (Kv.).

Sume snikkarar la stokken på strø: uppå to tverrstokkar, so han låg fritt. Han bruka gjerne hakar til å halda stokken fast med. Og so var det å øksa. Når snikkaren hadde øksa på ei *side*, so snudde han seg og øksa på hi. Han merkte upp tjukni med eit timberriv — eit merkesmål, og hogg etter det. No laut snikkaren snu stokken. Han middrog honom — drog upp eit merke til å øksa etter. Til dette bruka han mid, og det skulle vera hinmannen som fann upp miden, sa dei. So var det å kanthogga.

Golvåsane øksa snikkaren ofte berre frå *ei* side, den som skulle snu upp, soleis jamt i meir uvande hus, so du vil seia eit uthus. Men heile åsen var avberkt.

Med bjelkane laut snikkaren gjera seg sers fyre, mest med den sida som skulle snu ned. Flisa han bjelken upp eller skamhogg honom, då var han ille faren.

Det var overlag tungt å stå med dei store øksane. Serskilt røynde det på med stovevegger og løreiserk. Dei stod gjerne fire mann med øksane då.

Då Ing-Ola på Steine sette upp løa si, då stod han og øksa sjølv, endå han i røyndi var for ung og kløkk til dette arbeidet. Dei var ei tri-fire mann, og dei stod og øksa i fjorten dagar. Det var stor osp, grov ved. Han Ola vart so trøytt at han laut leggja seg tvert ned på bakken om kveldane, og han verkte i bringa og mage og rygg. Det var ein midaldra mann frå Rosseland med i laget. Han lest ikkje gå, han, korkje i armar eller rygg. Han lo berre, han (Kv.).

Då dei bygde det store skulehuset på Hjeltnes i Ulvik for mange år sidan, då stod det fjorten mann i fem vekor og berre øksa på materialar. Han Tomas i Røæ var meister. Det var ofte ungdomane meisteren sette til med bila. Dei var so mjuke i ryggene, ungdomane.

Huset byggjer seg upp

Kjellar. Dei fyrste husi ein veit om, sakna kjellarar. På Hallvardstveit i Opedal stend det endå ei utgamal stove som vantar denne herlegdomen. — Dei gamle bryggja til jol, og dei måtte då helst ha eit frostfritt kjellarhol, om dei då skulle ta vare på ølet eit bel.

Dei fyrste kjellarane var små, med lukor ned frå stovegolvet. Med potetone fylgde større og meir frostfrie kjellarar.

Eg hørde aldri at ein husmurar hadde vore i lære, og so mykje var det ikkje han kunne heller, endå det tidt var meir enn ein skulle venta. Dei gamle arbeidde mykje med stein. Dei var ikkje ukjende om steinslagi og kor dei skulle handsama honom. Og dei unge tok etter dei gamle. Simon Nilsson Skeie, Neteland (1867—) hadde godt skjøn på arbeid. Ein bolk han var med på noko vegarbeid, lærde han å leggja stein i kalk og ymist anna, so han kunne meir enn andre. Han sette upp ymse husmurar.

Skorstein. Dei gamle stovone hadde skorsteinar i udørane. Å setja upp ein skorstein var ikkje for kvar mann. — Ola Byrkjeland i Krossdalen (i.kr. 1830) sette upp skorsteinar. Han hadde ikkje vore i lære, men han var klyftig og gløgg til å ta etter. Det skulle vera ikkje fåe skorsteinar denne mannen sette up. Han sette òg upp ymse omnar som folk hadde kjøpt i byen.

Sume kalla skorsteinane for gruor (J.).

Stundom kom det farande fantar til bygdene, og dei let ofte so at dei låg inne på ymist. Frå Utne er det ei soge om to slike karar. Jau, dei tok på seg å setja upp ein skorstein for ein mann i Tingviki. So vart dei då

ferdige, og so skulle dei ha løni si. Den eine stod då ute i udøri og stude på skorsteinen med den andre var inne i stova og fekk pengane. Sidan vart det eit ordtøke: «Den eine heldt med den andre tok imot skillingane».

Husvyrke

Husvyrke som dei felte i svaden, vart gjerne fose og ope for makk. Dei skulle helst fella timberet mellom september og kyndelsmess, då var det sterkaste. Dei skulle ta trei med dei var «daude», sa dei.

Det kunne elles ofte vera so at ein mann samla på husvyrke ei rekkje år før han tok til å byggja. Timber som nett hadde kome tå roti, kalla dei halvrått eller rått.

Tjukkenden av ein stokk nemnde dei gjerne rotenden, den grannaste toppenden eller toppen. Kabba dei ein stokk i to, rødde dei om rotstokken og toppstokken. Det hende at det mellom stokkane kunne vera ein stokk med ein bug. Om denne stokken kunne dei seia at han var slunga. Dei meinte då at han hadde slengt seg, fenge ein sleng på seg, helst i voksteren. Dei kunne ikkje bruka ein sovoren stokk i ein vegg. Dei tverrskar han gjerne, ofte på midten. Og nytta han til beiteskiør, glaskarmar o.dl.

Stokkar med mykje geita var heller ikkje folk so gjea for. Geita var av eit ringare vedslag enn adlen, og ho stod seg ikkje so godt mot makken. Meir kløkk var ho for ver og vind òg. Nei, då var tinadlen glupare. I bratte brot vart det gjerne flust med tinadl i fura. Mellom Rondestveit og Kvitanes voks det fin adlskog. Per Rondestveit våga med Pål Spånheim at det voks femningstre i Åsen som ikkje hadde meir enn ein tume geita. «Eg ska finna fevningstre i Spaonhaimshagjen so ikkje he mair elde ain tume adl, eg», sa han Pål.

Eg hev ikkje høyrte om andre enn Hallstein Halldru som mismætte adlen. Då han skulle setja seg upp stove på plassen sitt, då gjekk han rundt i grendi og bad i hop timber. «Da ska ikkje finnast ain stokk mæ tinadl i mi stova», sa han. «Tinadlen kasta pao seg å ri'e pao seg ette so vere æ, han», sa han, «å so he han da mæ slik ai knesting at ain fær ikkje fre».

Det var ikkje berre stokkane dei rødde om. Bordi fekk òg sin omtale. Dei rødde om rettsida — det var margside dei meinte då. So var det utsida eller rangside — og dette var geita. Dei drøste like eins om hudnabord, det var dei som låg næmaste borken. I dei var det rein geita å seia. Dei nemnde då ofte på geitbord, og dei var lite verde. Vankanta bord kalla dei bord med ureine kantar. Rakveda var eit bord med rak ved, sa dei. Det var lett og greitt å arbeida med. Om eit bord kunne dei òg seia at det kasta seg, vreid seg, kraup o.dl.

Det var tidt store veggstokkar i dei gamle stovone, og ein måtte undra

seg over kvar folk hadde funne dei, og korleis dei hadde ferda dei fram. I sume hus fann ein berre tri kinningar i ei dørhøgde (Ulv.).

Bygningsmannen mælte gjerne med vinkelen sin kor tjukk ein stokk var. Meisteren gjekk jamleg og bar på ein vinkel.

Snikkaren på timra

Det var fire «vegger» i ei stove, og det stod fire mann på timra. Då dei sette opp den gamle stova her på Steine (1895), då var dei fire snikkarar, og hadde kvar sin vegg. Han Ola Steine, far hans Ing-Ola, var den eine.

På timra laut snikkaren ha øks og sag og sleggja — sume bruka klubba for sleggja. So var det grøypekniv og navar og mid. Og so fekk ikkje husbyggjaren vanta husamose, vei du.

Med miden fann han ut korleis han skulle måta den eine stokken til den andre, so dei høvde i lag. Det var fire storleikar på miden, og bygningsmannen nytta den storleiken som høvde med arbeidet hans. Grannvar miding var viktug, like eins å fylgja ritet etter miden i arbeidet. Ein vegg som ikkje vart skikkeleg mosa og mida, vart aldri retteleg tett, sa dei. Miden er gamal som alle haugar, sa ein snikkar, og det skulle vera hinmannen som hadde funne honom upp, som sagt. Det var eit stort og samansett arbeid å høvla, grøypa, bora, tappa og mosa ein vegg, og so kunne det attåt vera tungt. Ein vegg på atten gonger fire tumar var ikkje lett å arbeida med. Dei rekna på at ein snikkar greidde ein stokk om dagen. Stundom kunne ein bygningsmann hjelpe ein kamerat, om han hadde ein vanskeleg stokk (S.).

Veggen kunne kvila på eit steinlag, og det var vel det eldste, eller han kunne liggja på mur. Steinane kalla dei svilasteinar. Uppå svilasteinane kom so svilastokkane — det var det nedste omfaret. Sum nemnde dette omfaret for sylstokkane. Dei tala òg om råmetre (Kv.).

De fire bygningskarane hadde kvar sin vegg, hørde me. Fyrst jamna mannen til overkanten på understokken, bruka okshøvel og lokar til dette. So grøypete han med grøypekniven. Denne kniven var som ei bandøks, med ein boge på midten. Her vart det då ei leke for kjølen. Å grøypa var eit hardt arbeid. Møtte bygningsmannen ein kvist, då var det som det slitna i armane, tykte han.

Reiti låg over, fortalde Ola Kjosås (1871—). Andre bygningsfolk sa at kjølen låg nedpå reiti, men dette var vingel. Det var eit vandt arbeid å måta stokk til stokk, og her kom miden til hjelp. Ofte laut bygningsmannen ta veggen att, gong på gong. Det var so mangt. Han kunne vera vriden, han kunne vera vindskeiv. Karen retta han då upp med hakar. Dette kunne vera turvande med han bora òg. Når han so endeleg la

stokken til rettes, so fall han gjerne fint. No stod det att å mysja. Han laut då lyfta øvste stokken upp, so han kunne sleppa til med husamosen. Han hesja mosen, mest som det skulle ha vore gras. So klipte han av den mosen som hekk utover.

Bygningsmannen batt stokkane i hop med naglar eller dublungar. Dei var tå ask, og kunne vera ei seks-åtte tumar lange. Det var eit tungt arbeid å bora. Dei bruka store navrar, husanavrar. Skjeret var på godt og vel ein tume. Det var einmannsnavrar. For moro kalla folk dei frostnavrar. Det er segn at folk hadde husanavrar med seg på sildafiske når dei rodde eller siglde. Då bora dei i store kubbar til å halda odnen. So fortalte Daniel Tveito frå Ulvik.

Til å slå i naglane bruka bygningsmannen klubba eller sleggja.

Naving. Naving var i bruk lenge, og dei tala om ymse slag. Barkanovi var mest i bruk her, like til i 1850-åri eller vel det.

Navingi sette store krav til husabyggjaren, og det var ikkje kvar bygningsmann som kunne gjera ei god nov. Ymist anna arbeid kunne kanskje ein næming koma ifrå. Men å hogga ei god nov, det krov handalag og skjøn. Bygningsmannen laut ha ei ser øks til dette gjeremålet, navøks. Ho var lang og smal. Ho vart bruka til å grøypa med øg.

Sume ville gjerne hogga for mykje. Ein skulle halvhogga, elles fall ikkje stokkane i hop som dei skulle. Bygningsmannen måtte då gjerne kila, og dette var skam. Det var botavon med ei nov som var for trong. Om ho grein med det same, seig ho gjerne i hop etter eit bel. Det var eit greileg arbeid å nava, so sant ein kunne det, sa ein husabyggjar.

Far og son sette upp ei stove, og novene grein. Faren var ein glup bygningsmann, og han tykte at dette med denne stova var ille. So sa han: «No he da aldri hendt at eg ha møtt kjilt før». «Jau, far. Dao me va i Ulvik, dao kjilte me», sa sonen. Dei hadde nok gjort for store hogg der.

Ein prest i Ullensvang skulle ha seg ei ny stove, og ein dag hadde han husabyggjarar. Dette er over hundre år sidan, og dei nava veggene i hop. So var dei i ferd med dette arbeidet, og presten gjekk der og skoda på. So vart han vis med at ingen hadde kilar og at ingen kila. Dette var ikkje som det skulle vera, trudde han. Di meir kiling, di betre nov, og so tykte han at han laut minna folki om dette. «Dere må ikke glemme kile- ne, karer», sa han.

Om ei stove sa ein bygningsmann då dei hadde fenge veggene i hop: «No, Ola, kan du sekkja stovo di pao trilt neette bakkanne». Han meinte at navingi tolde dette.

Øvste omfar. Dei to øvste langstokkane kalla dei stavlægjor, og på dei låg sperret. Dei to øvste tverrstokkane ropa dei for bandstokkar, og den øvste ramstokken ropa dei for gauken.

Timberprisen rekna dei etter omfaret og etter storleiken. Eit omfar til ei ni-alnastove kunne koma på ei tri-fire dalar. Det gjekk to store tre til eit omfar(G.).

Bjelkar. Ei husmannsstova hadde ofte ingen bjelke, om ho var liti. Ei større stove kunne ha ein bjelke midt i romet. Ei jordamannsstove hadde gjerne to. Den same stova hadde tidt ein halvlem uppå den bjelken som var næmast døri, og uppå den stuva foreldri upp ungane sine om kveldane. Halvlemmen var sovestad.

Arbeidsfest. Når sperret hadde kome på, heldt gjerne arbeidsgjevaren ei veitle for arbeidsfolki sine — kransaskål, som dei sa, med mat og drykk og spel og dans. Og drykken var øl og brennevin. Denne visi er til endå. — Då me hadde fenge sperret på Hardanger Hotell i Odda ikr. 1890, då vart det kransaskål med alt som hørde til. «Me heldt te i anekse», sa Ola Kjosås.

Pløming. Då folk tok til med plømd plank, då hadde dei longo slutta med den gamle byggjemåten. Alt i 1830-åri hadde dei teke til å bruka flathøvla vegger. Lars Osa sette upp hus på Audnaland i 1831 med flat-høvla plank og plømde vegger. Det vart mykje og tung høvling, sa han Lars. Dei sat to mann med kvar høvel, og dei hadde fullt arbeid dag etter dag. Fyrst skaut dei veggene, og so plømde dei, to plomar (eller nøter).

I gamal tid bordkledde dei ikkje husi, på jamnen. No vart det vis å bordkleda òg. Å leggja tolv bord på ei timra var ein manns dagsverk, sa dei. Det gjekk no heller røke å bordkle, for ein slapp pløma. Men golvi vart det meir og meir til at dei plømde. Å høvla, pløma og leggja ned seks firealningsbord i eit golv rekna ein til eit dagsverk å vera. (Ulv.).

Toka

Dei gamle rekna seks-alna sperr til ni-alna ramtimber. Då fekk toka høveleg reising ($\frac{2}{3}$). Andre kunne ha eit litt sterkare fall. Toka skulle ikkje halla meir enn at ho var gangande. «Ai ùppfer skù væ gangande», sa dei. Elles ville nevri siga.

Dei la nevri på smale bord. Desse bordi kalla dei gamle trod eller trodfjøler. Sidan vart nemningi sperr.

Yfsekrokar nedst på toka med yfsestokkar møtte for moldi. Folk tala om torvaldstre, og både yfsekrokar og torvaldstre kalla dei torvald, og dette heldt uppe heile toka. Husabyggjarane la gjerne sutaket på. Sidan greidde gjerne huseigaren med resten.

Han hadde då gjerne dugnadsfolk, og han laut ha so mange som stova var alner i lengdi. Dette vil seia at ein mann hadde ei alen eller med andre ord: det stod ti tekkjarar jamsides på ei ti-alnastove. Ein huseigar

såg gjerne at han fekk toka si lagd på dagen. Ei halvlagd toke stod seg ikkje mot ver og vind.

Ei taknever kunne vera ei åtte tumar, som dei sa. Elles bruka dei ikkje like store nevrar over heile toka. Dei tala om yfsenever nede med yfset, lågnever midt på toka, gavlnever med gavlane og mønenever oppå mønet. Gavlnevri var heller liti, mønenevri stor. Ikkje alle stader på toka bruka dei like mykje never heller. På mønet hadde dei tri lag, lenger nede noko fleire. Sume sa at nevri skulle liggja so tjukk at ein kunne setja ei ølskål på henne (G.V.).

Jamleg rekna dei to våger med never på ein rufefamn.

Ut mot gavlane la dei stokkar til stønad for nevri, og dei læste dei i hop over mønet. På flatone ut mot ramane feste dei bord som dei kalla vindskeier. Ei nèvertoka kunne liggja ei 40—50 år, om dei hadde lagt henne godt. Ei tunnlagd toka var jamt noko ryrare. Det våtta òg noko om stova stod på ein dulig stad.

Helletak. Helletaki var ikkje framande for dei gamle. Dei bruka hellor over udøri og hellor over smidja. I 1840-åri hadde sume noko never og noko hellor på tokone — never på øvste holva og hellor på nedste. Folk hadde då teke til å gå over frå never til hellor (ålm.).

Dei freista med dugnad på hellor òg, og folk møtte opp med øksar og navrar og hellepikkor og hellekrokar. Med røynde folk gjekk dette greitt. Men det kom opp at dei var ikkje alle like godt førte, og folk kom til at dei helst burde ha fagfolk til ei helletoka. Dette synet kom opp i 1890-åri og noko før og vann seg meir og meir fram etter kvart som ein gjekk over frå villhellor til rutehellor.

Fyrst var det no spenn, og oppå sperret la bygningsmannen sutak. Han sua det eine bordet noko opp på det andre. So kom hellone oppå sutaket. Dei gamle bruka villhellor, hørde me, og villhellor finn ein på gamle hus endå. Beste hellone var rutehellone. Solesneshellone var noko for seg. Dei låg mann etter mann (Kv.).

Folk bruka helletak i Ulvik i mi tid, sa Daniel Tveito (1866—), ein bygningsmann. Hellor frå Solesnes var i velten. Dei rødde om to-ortastein — det var prisen på famnen. Dei la hellone ut, so dei samsvara med ein famn, mælte dei soleis. Sidan slo bygningsmannen hellone til. Ei tilskanta helle var jamt noko mindre enn ei villhelle. Sidan kom det rutehellor i handelen.

På *løor* nytta dei villhellor lenge. Dette galdt både heimaløor og skogaløor og like eins smidjor.

Me støkte hellor her på Steine. Hellebrotet vårt var på Tryglakleiv, uppi fjellet, på Steinsskogen. Det kom folk frå alle bygder her ikring og spurde etter hellor, sa han Ola der på garden (Kv.).